

Saksprotokoll i fylkestinget - 16.06.2021

Trude Brosvik (KRF) sette på vegner av KRF, MDG fram slikt forslag:

«Tillegg

Fylkestinget ber om å få utgreidd kjøp av tannlegetenester til prioriterte grupper frå lokale private tannlegekontor på stader med urimeleg lang reiseveg (1 t / 5 mil) til tannlege, og der slikt kjøp kan gjennomførast uten at næraste offentlege tannlegekontor vil kome i fare for nedlegging.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Brosvik sitt forslag vart vedteke mot 20 røyster (1U (Morten Klementsén), A, R, SV)

Vedtak

- 1) Bortebuarelevar og studentar med lite eller middels behandlingsbehov får tilbod om tannbehandling ved den tannklinikken som soknar til deira folkeregistrerte adresse. Innkallingsintervallet i pasientgruppa er i gjennomsnitt 18 månader.
- 2) Elevar og studentar med stort behandlingsbehov bør få tilbod om tannbehandling der dei går på skule etter individuelle avtalar. Dette gjeld ca. 10-15% av pasientgruppa.
- 3) Fylkestinget ber om å få utgreidd kjøp av tannlegetenester til prioriterte grupper frå lokale private tannlegekontor på stader med urimeleg lang reiseveg (1 t / 5 mil) til tannlege, og der slikt kjøp kan gjennomførast uten at næraste offentlege tannlegekontor vil kome i fare for nedlegging.